



Mange flinke unge løparar som har gjort det godt i terrengløpskarusellen

OPPDATERT! NO ER HERØYSUNDRESULTATA KOMNE!

Onsdag kveld vart det 3. løpet i terrengløpskarusellen arrangert av Herøysund IL. Start og mål var lagt til grusbanen, og det vart meldt om eit godt arrangement som vart unnagjort raskt og effektivt. Uskedal IL stilte også denne gongen med mange løparar som nok ein gong leverte flott innsats.

For å få terrengløpsstatuetten må ein delta i 3 av dei 4 løpa i karusellen. Mange sikra seg den allereie etter løpet onsdag medan fleire kan få den etter SPAR-løpet på Sandakaaien førstkommande laurdag. Påmeldinga til Spar-løpet, som også er Kvinnheradsmeisterskap i terrengløp, er alt i gang, og påmeldinga er allereie god.

Påmeldingar bør helst gjerast på førehand, innan fredag kl.18.00, ved å [klikkka seg inn på UIL si heimeside](#). Det er også mogeleg å melda seg på før start.

SPAR-løpet, sentralt i Uskedalen, er blitt ein suksess både for løparane og publikum. I år vart det litt omlegging av nokre løyper. Dei vil gå i området mellom Neset, båthamna og campingplassen. Det er svært publikumsvennleg, for det er greitt for dei som ser på å følgja utviklinga i løpet. Derfor vil det vera veldig kjekt om mange møter opp for å heia på løparane. Løpet startar kl.13.

Etter løpet vart det litt av ein premieringsseremoni. Då skal det delast ut premiar i både SPAR-løpet og i terrengløpskarusellen samanlagt, i tillegg til at det skal kårast Kvinnheradsmeistrar i dei ulike klassane.

Resultat og fleire bilete frå løpet i Herøysundet onsdag [finn de på UIL si heimeside](#).



Nora Huse Kristoffersen på veg mot mål i fint driv.



Saima L. Døssland har gjort det godt i karusellen. Her er ho på veg mot mål i Herøysundet.



Talentfulle ungdommar: Jonathan(fremst), Hanna(f.v.), Thea, Amalie og Andrea.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel